

Nattverd hjå ein sjuk – Soknebud

1 Til vanleg samtalar liturgen fyrst med den sjuke, om naudsynt i einrom, og forvissar seg om at han eller ho ynskjer å ta imot nattverden.

2 Ved skriftemål nytta rein ordninga **Einskildskriftemål**, eventuelt avkorta.

3 Dersom den sjuke ikkje lenger er medveten, skal liturgen ikkje gje nattverden, men be for den sjuke og for dei som er til stades.

4 Den som gjer teneste, ber liturgisk drakt eller anna høveleg drakt.

Til vanleg nyttar ein denne ordninga:
Handlinga kan ta til med salmesong.

Denne liturgien er trykt i «Gudstjenestebok for Den norske kyrkje, del II Kyrkjelege handlingar», utgjeve i 1992. Bibeltekstane er henta frå Den norske bibelselskapets oversettelse frå 2011.

L | Nåde vere med deg og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Vår Herre Jesus Kristus seier at der to eller tre er samla i hans namn, der er han sjølv midt imellom dei, og alt det dei bed om i hans namn, skal dei få.

I tillit til dette ordet er vi saman her og vil høgtida den heilage nattverden, der Herren sjølv er til stades med sin lekam og sitt blod. Vi bed at han vil gje oss (alle) å vera med i denne heilage handlinga med audmjuke og ærlege hjarto.

Lat oss takka og be.

Oppstadne Herre og Frelsar, vi lovar og prisar ditt heilage namn, fordi du gav deg sjølv for våre synder. Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden. Gjev oss som kjem til ditt bord og vil ta imot din lekam og ditt blod, at vi kan ta del i dette heilage måltidet med audmjuke og ærlege hjarto. Sameina oss med deg som greinene med vintreet, lær oss å elska kvarandre som du har elska oss, og gjev at vi ein gong kan samlast hjå deg i ditt fullkomne rike.

Herrens bon

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.

**Lat riket ditt koma.
Lat vilien din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege bred.
Og tilgjev oss var skuld, slik vi og tilgjev vare skuldnarar.
Oss lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen.**

Herrens innsetjingsord

Vår Herre Jesus Kristus, den natta han vart sviken, tok han eit brød,
(liturgen tek disken)
takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta dette og ét det. Dette er min lekam,
som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.
Like eins tok han kalken etter måltidet,
(liturgen tek kalken)
takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod,
som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk av han, så
gjer det til minne om meg.

Du Guds Lam

**A |Du Guds Lam, som bar all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du
Guds Lam, som bar all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du Guds
Lam, som bar all verdsens synder, gjev oss din fred.**

Nattverdmåltidet

Utdelingsorda lyder:

Dette er Jesu lekam.
Dette er Jesu blod.

Etter utdelinga seier liturgen:

**L |Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve deg (oss) sin heilage
lekam og sitt dyre blod, som han gav til soning for alle dine (våre) synder. Han
styrkje deg (oss) og halde deg (oss) oppe i ei sann tru til det evige liv.**

Fred vere med deg.

Her kan følgja

Takkekollekt for nattverden

Lat oss takka og be.

Vi takkar deg, himmelske Far, for dine sæle gåver. Vi bed deg at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige liv, for Son din, Jesu Kristi, var Herres skuld.

Velsigning

Ta imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt andlet på deg og gje deg fred. ✠

Amen.

Handlinga kan slutta med salmesong.

